

Folkehelse og nærmiljøkvalitetar.

Søknad om midlar til utvikling av uteområdet knytt til SFO/skule.

Stranda skule

Tveitane 4

Org.nr 964338809

Kontonr34700950850 mrk.ref.320

Kontaktperson: Svein-Ove Hammersland

Føremål med tilskotet:

Stranda skule/SFO vil lage ei tarzanløype/aktivitetsløype. Vi vil opparbeide og leggje til rette uteområdet på ein sånn måte at det stimulerer ungane til fysisk aktivitet og til utvikling av grunnleggjande rørsler, individuelt og i samhandling med andre barn.

Området blir brukt av innbyggjarane i nærmiljøet på ettermiddag/kveldstid. Ei utviding og oppgradering vil auke bruken av området. Vi ønskjer å leggje til rette uteområdet i tråd med retningsliner for universell utforming.

Samarbeid:

Vi vil knytte prosjektet vårt opp mot Sund Folkebibliotek sitt prosjekt «ord i spreke spor», som har som mål å kople fysisk aktivitet til natur, kultur og litteraturopplevingar. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom biblioteket, kulturkontoret, folkehelsekoordinator i Sund kommune, turlaget, Stranda barnehage og Stranda skule. Dette samarbeidet meiner vi vil føre til at ein får auka bruk av området.

Som aktuelle samarbeidspartnarar har vi har vore i kontakt med Panorama konferansehotell, representantar frå Brunstad Kristelige Menighet, Kleppe velforening, Sund vidaregåande skule og FAU ved Stranda skule, alle har vore positive til å bidra i arbeidet med å opparbeide ei aktivitetsløype, og til å utvikle nærmiljøet knytt til SFO og skule.

Prosjektet er forankra i kommuneleiinga ved kommunalsjef for oppvekst.

Søknadsbeløp:

Stranda skule/SFO vil med dette søke om kr 90.000 til opparbeiding av uteområdet, og innkjøp av ulike apparat.

Budsjett:

Eigeninnsats:	
Arbeidstid for tilsette i samband med kurs og veiledning à kr.500	49 000

Møter med sfo tilsette i samb.med kartlegging 10stk*1t*500kr.pr.t	5 000
Arbeid i prosjektgruppa med plan 4stk*5t*500kr	10 000
Kurs/Røris. tilsette i sfo 4stk*7,5t*500kr.pr.t	15 000
FAU-dugnad 50t*250kr.pr.t	12 500
Sund vidaregåande skule/tømrarlinje. Arbeid med montering og bygging	10 000
Vidare arbeid i prosjekgruppa	20 000
Sum eigeninnsats	121 500

Utgifter til innkjøp og opparbeiding av området:	
Graving, grusing og tilrettelegging.	50 000
Innkjøp av apparat og materialar	90 000
Sum	140 000

Milepælsplan.

